

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fellesnemnda</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Leikanger, Fylkeshuset - Firdasalen</b>
<b>Møtedato</b>	<b>08.03.2018</b>
<b>Kl.</b>	<b>09:15–17:10</b>

### Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Parti
<b>Hordaland</b>		
Anne Gine Hestetun	Leiar	Ap
Roald Kvamme	Medlem	Ap
Helge Nævdal	Medlem	Ap
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Pål Kårbø	Medlem	KrF
Aud Karin Oen	Medlem	SV
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Anne Beth Njærheim	Medlem	V
<b>Sogn og Fjordane</b>		
Jenny Følling	Nestleiar	Sp
Sigurd Reksnes	Medlem	Sp
Aleksander Øren Heen	Medlem	Sp
Trude Brosvik	Medlem	KrF
Åshild Kjelsnes	Medlem	Ap
Hilmar Høl	Medlem	Ap
Bjørn Hollevik	Medlem	H
Gunhild Berge Stang	Medlem	V

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Parti
<b>Hordaland</b>		
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	Ap
Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Medlem	Ap
Mona Røsvik Strømme	Medlem	H
Benthe Bondhus	Medlem	Sp
<b>Sogn og Fjordane</b>		
Helen Hjertaas	Medlem	Ap

### Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Parti
<b>Hordaland</b>		
Synnøve Solbakken	Kari Sørensen Bernardini	Ap
Kjell Håland	Mari Klokkerstuen Kjellesvik	Ap
Stein Inge Ryssdal	Mona Røsvik Strømme	H

**Sogn og Fjordane**

Jakob André Sandal

Helen Hjertaas

SV

**Til stades med møte- og talerett:** Fylkesrådmennene Tore Eriksen og Rune Haugsdal  
**Sekretariat for møtet:** Svein Hågård og Marit Silje Husabø

Før sakshandsaminga tok til vart det halde følgjande innleiingar:

- Sams vegadministrasjon – status i høve Stortinget sitt oppmodingsvedtak 08.06.17, v/Helge Eidsnes, regionvegsjef Statens vegvesen Region vest.
- Skråblikk på regionreforma og samfunnsutviklarrolla, v/høgsterettsadvokat Pål Lorentzen.
- Politisk organisering – ulike modellar og arbeidsformer som kan veljast innanfor rammene som ligg føre i intensjonsplanen, v/professor Harald Baldersheim, Institutt for statsvitskap, UiO.
  - Etter innlegget til Baldersheim vart fellesnemnda organisert i grupper som drøfta den framtidige politiske organiseringa i fylkeskommunen. Det var diskusjon i plenum etter gruppearbeidet.
- Sogn og Fjordane og Hordaland idrettskrinsar – innspel til politisk og administrativ organisering, v/styreleiarane Nils R. Sandal og Helge Johnsen.

Sakshandsaminga starta kl. 13.30. Sakene vart handsama i denne rekkjefølgja:

1. Sak 1/18
2. Sak 2/18
3. Sak 7/18, skriv 5
4. Sak 3/18
5. Sak 6/18
6. Sak 5/18
7. Sak 4/18

Før handsaminga av skriv 5 i sak 7/18 fekk representantane Anne Gine Hestetun, Jenny Følling, Sigurd Erlend Reksnes og Hilmar Høl vurdert sin habilitet.

Åshild Kjelsnes vart vald til å vere møteleiar under habilitetsvurderinga.

Ei samrøystes fellesnemnd fann Anne Gine Hestetun og Hilmar Høl inhabile, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

Fellesnemnda fann Jenny Følling og Sigurd Erlend Reksnes habile, mot Tom Sverre Tomren si røyst.

Ved handsaminga av skriv 5 i sak 7/18 fungerte nestleiareren i nemnda, Jenny Følling, som møteleiar.

**SAK 1/18 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**VEDTAK:**

Møteinnkalling og sakliste vart godkjend.

-----

**SAK 2/18 Godkjenning av møtebok fellesnemnda 18.12.2017**

**VEDTAK:**

Møtebok frå møte i fellesnemnda 18. desember 2018 vart godkjend.

-----

**SAK 3/18 Uttale om fylkeskommunane sine budsjett og økonomiplanar 2018**

**Frå fylkesrådmennene låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Fellesnemnda konstaterer at:

- a) Vedtekne «Budsjett 2018/økonomiplan 2018-21» for høvesvis Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune er begge i tråd med god økonomiforvaltning.
- b) Begge planane har i seg økonomiske element som vil utfordre driftsøkonomien i seinare planperiodar. Desse utfordringane vil fellesnemnda ha fokus på i arbeidet med budsjettet for 2020 og tilhøyrande økonomiplan.

**Endringsframlegg:**

**Pål Kårbø** sette fram slikt framlegg til vedtak:  
Saka vert utsett.

**Avrøysting:**

Framlegget frå Pål Kårbø vart samrøystes vedteke.  
Tilrådinga frå fylkesrådmennene kom ikkje opp til avrøysting.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Saka vert utsett.

-----

**SAK 4/18 Eingongskostnader for samanslåingsprosessen - budsjett**

**Frå fylkesrådmennene låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fellesnemnda godkjenner forslag til budsjett for bruk av eingongskostnader for samanslåinga på 30 mill. kr slik det går fram av saksframlegget.
2. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til å disponere midlane i samsvar med budsjettet.
3. Fellesnemnda ber om at fylkesrådmennene/prosjektleder legg fram statusrapport for bruken av midlande ein gong kvart tertial.

**Endringsframlegg:**

**Pål Kårbø, KrF**, sette fram slikt oversendingsforslag:

Bed administrasjonen avklare om noko av desse midlane kan nyttast til politisk arbeid/organisering og eventuelt koma attende med modell (ar) til korleis budsjettsummen skal fordelast.

**Venstre og Trude Brosvik, KrF**, sette fram slikt tillegg til ovannemnde oversendingsforslag:

Budsjettpost politiske fellesaktivitetar vert fordelt likt for åra 2018 og 2019.

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmennene og oversendingsforslaga vart samrøystes vedtekne.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Fellesnemnda godkjenner forslag til budsjett for bruk av eingongskostnader for samanslåinga på 30 mill. kr slik det går fram av saksframlegget.
2. Fylkesrådmennene/prosjektleder får fullmakt til å disponere midlane i samsvar med budsjettet.
3. Fellesnemnda ber om at fylkesrådmennene/prosjektleder legg fram statusrapport for bruken av midlande ein gong kvart tertial.

**SAK 5/18      Kommunikasjonsplan for samanslåingsprosessen**

**VEDTAK:**

1. Fellesnemnda viser til pkt. 13 i sitt reglement, og ser på involvering av tilsette, innbyggjarar, kommunar m.m. som ein kritisk faktor for å lukkast i samanslåingsarbeidet med etablering av den nye fylkeskommunen.
2. Fellesnemnda vedtek framlagde kommunikasjonsplan som grunnlag for tiltak som sikrar god og tilstrekkeleg kommunikasjon med interne og eksterne aktørar i samanslåingsprosessen.
3. Kommunikasjonsplanen gjev eit rammeverk for kommunikasjonsarbeidet fram mot 2020. Det vil med utgangspunkt i planen bli utarbeidd operative tiltaksplanar knytt til milepælar og fasar i samanslåingsarbeidet.

## **SAK 6/18 Tannhelsetenesta - administrativ organisering og leing**

### **Frå fylkesrådmennene låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.
2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.
3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.

### **Endringsframlegg:**

**Medlemene i fellesnemnda frå Sogn og Fjordane fylkeskommune** sette fram slikt framlegg til pkt. 4:

Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknytning til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.

### **Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesrådmennene, og det nye pkt. 4 frå medlemene i fellesnemnda frå Sogn og Fjordane fylkeskommune, vart samrøystes vedtekne.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune blir leia frå Bergen.
2. På same måte som innanfor andre fylkeskommunale sektorar og tenesteområde, skal ein innanfor tannhelsetenesta leggje opp til ei desentralisert arbeidsdeling innan tannhelseadministrasjonen.
3. Tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune skal vere eit framtidretta tenesteområde av best mogleg fagleg kvalitet til beste for pasientane. Nærleiken til klinikkleiarane og den desentraliserte klinikkstrukturen tilseier at det må vere kompetansearbeidsplassar både i Hordaland og Sogn og Fjordane knytt til leing og administrasjon også etter 01.01.2020 for å ivareta eit best mogleg tenestetilbod.
4. Tannhelsetenesta sitt kompetansesenter Vest (TKV) vert naturleg lagt til Bergen i tilknytning til fagmiljøet på odontologen. Dette senteret skal vere base for spesialisttannhelsetenesta. Ein bygger samstundes opp ein desentralisert modell der spesialistar frå TKV utfører tenester i Sogn og Fjordane.

-----

**SAK 7/18      Skriv og meldingar fellesnemnda 2018**

**Følgjande skriv og meldingar vart handsama:**

- 5:      Fylkesutvalet i Hordaland 21.02.18 - oversendingsforslag om verdiane i Sogn og Fjordane Energiverk (SFE)

**Følgjande skriv og meldingar vart ikkje handsama i møtet:**

- 1:      Oppfølging av arbeidet med omstillingsavtale
  - 2:      Vestland fylkeskommune 2020 - oversyn over administrative delprosjekt
  - 3a:     Husreglar for samanslåingsprosessen
  - 3b:     Husreglar
  - 4a:     Namnet til den nye fylkeskommunen - status og vidare prosess
  - 4b:     Brev frå fylkesordførarane til KMD datert 12.02.18
  - 6:      Nytt fylkesvåpen - status og vidare prosess
  - 7:      Tilsetjing av prosjektleiar/ny fylkesrådmann - status
-